

Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Nr 1-2019

Våren 2019

Årgang 49



INNHALD

Andakt av Ole Agnar Helland: Påskemorgon	s.3
Tid for tru - Johannesevangeliet	s.4
Kyrkjelyden tek turen til Alværastemne 2.6	s.7
Kyrkjevalet 2019	s.8
Vårdugnader på gravplassane	s.9
Minikonfirmantsider	s.10
Misjonsavtale i Mali – Nytt frå NMS	s.12
Barnas side	s.13
BALUBA – Guds vener	s.14
Nytt frå kyrkjetårnet	s.14
Konfirmantsider	s.16
Annonse-side	s.18
Velkommen til dåp!	s.19
Konfirmantar 2019. I glede og sorg.	s.19
Gudstenesteplan ut september	s.20

Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Utgjeve av Balestrand sokneråd
Nr 1- 2019 - 49. årgang

Redaksjonsutval

Helge Eilifsen, Kjell Helland og
Jostein Risa (kyrkjeverje)

Abonnement

Normalt tre utgjevingar i året (vår, sommar/haust, jul)
Full distribusjon i kommunen i tillegg til ikring 80
utanbygds abonnentar.
Bladpengar: kr.200 per år (friviljug) til konto:
3805.10.32583.

Trykk / oppsett

Ingvald Husabø Prenteverk, Leikanger

Annonser

Små annonser kr. 450, store annonser kr. 800.
Heilside etter avtale.

Framsidedfoto:

«...for krossen er tom, grava er tom, Jesus stod opp og
han lever...».

Påskedekorasjon laga av minikonfirmantar på leir på
Alværa misjonssenter, Lavik, helga 29.-31. mars 2019.

Foto: Magni Åm Risa



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokneråd

KONTAKTINFORMASJON

Balestrand kyrkjekontor

Kjerneopningstid:

Tysdag-fredag kl. 10 - 14

Sjøtunsvegen 6, 6899 BALESTRAND

Telefon: 57 69 15 48

E-post: kontor@balestrand.kyrkja.no

Heimeside: www.balestrand.kyrkja.no

Sokneprest Kjetil Netland

(50 % stilling)

Telefon kontor: 57 69 16 80

Mobiltelefon: 911 03 134

Ring for avtale

E-post: sokneprest@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjeverje/dagleg leiar Jostein Risa

(80 % stilling)

Telefon kontor: 57 69 15 48

Mobiltelefon: 920 60 832

E-post: kyrkjeverje@balestrand.kyrkja.no

Organist Ole Agnar Helland

(30 % stilling)

Mobiltelefon: 984 16 333

E-post: organist@balestrand.kyrkja.no

Diakonimedarbeidar (VAKANT)

(10 % stilling)

E-post: diakon@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa

(25 % stilling)

Mobiltelefon: 466 97 476

E-post: klped@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjetenar Fisseha Weldeyohannes

Andemichael

(25 % stilling)

Mobiltelefon: 450 27 235

E-post: kyrkjetenar@balestrand.kyrkja.no

Leiar i Balestrand sokneråd Helge Ulvestad

Mobiltelefon: 971 06 001

E-post: helge.ulvestad@online.no

Heimeside: balestrand.kyrkja.no

Her finn du oppdatert gudstenesteinformasjon, konfirmantinformasjon, skjema for innmelding av dåp og vigsel, gravplassvedtekter. Vidare kan du søkje etter gravlagde på kyrkjegarden, laste ned årsrapport, dette bladet i pdf-format osv.

Påskemorgon – morgonen som endra alt

Tre kvinner på veg tidleg om morgonen den fyrste dagen i veka. Bak dei låg ein Langfredag då Jesus anda ut på krossen med orda: «Det er fullført». Dei som stod han nær var vitne til at han deretter vart lagt i grav, vakta av romerske soldatar. Langfredagen vart etterfylgt av jødane sin Sabbat. Dagen med forskrifter og påbod og som ikkje tillèt syrgjande å besøke gravene sine. Men så kom morgonen den fyrste dagen i veka. Før soloppgang gav kvinnene, som alle hadde stått Jesus så nær, seg på veg til grava. Tankane krinsa rundt det som hadde skjedd. Den store bekymringa var, i følgje evangelisten Markus, korleis dei skulle få velta steinen bort frå grava.

Men det var ikkje noko problem med gravsteinen for den var alt velta til sides. Og i gravopninga stod ikkje romerske soldatar, men ein lysande engel med budskapet som skulle endre alt og skape den nye dag: *Ver ikkje redde. De leitar etter Jesus frå Nasa-ret, den krossfeste. Han har stått opp, han er ikkje her. Sjå her er staden der dei la han.* Mark 16,6.

Alle dei fire evangelistane har med englebodskapen om den tomme grava. Hjø evangelisten Johannes finn vi også notisen om at Jesu gravklede var omhyggeleg rulla og bretta saman og lagt til sides på ein bestemt stad. Johannes vil understreka at her var det ikkje tale om eit likrov i all hast. Slik ville han imøtegå ryktet som var sett ut at læresveinane kom og stal liket om natta då vaktene sov.

Den fyrste dagen i veka. Den avgjerande dagen. Dagen som vart Herrens dag og vår søndag. Dagen som i ettertid skulle bli samlingsdagen, gudsteneste-dagen for alle verdas kristne. Så har vi ein påskedag ein gong i året. Men også ein påskedag ein gong i veka. Kvar søndag er eigentleg ein dag for Jesu oppstode. Kyrkjehusa våre minner om dette. Dei er vende mot aust. Kanskje er det eit vindauga i aust-veggen. Når sola skin inn minner det om påske-morgon, den fyrste dagen i veka då Jesus stod opp.

Utan påskedagen er trua dykkar gagnlaus, skriv Paulus. Påskedagen er sjølv fundamentet for den kristne trua: «Men har ikkje Kristus stått opp, er budskapet vår tom, og tom er også trua dykkar. [...] Har ikkje Kristus stått opp, då er trua dykkar meningslaus og de er enno i syndene dykkar.» 1. Kor. 15, 14 og 17.

Men no er Kristus stått opp, seier Paulus vidare. Då er vi ikkje lenger i våre synder. Då har Jesu forsoningsverk fått sitt godkjenningstempel. Då vart syndene lagt i grava på Langfredag. Då er døden overvunnen. Då er Jesus den han gav seg ut for å vere.

Tre kvinner møtte ei tom grav. Ei grav som skapte motstridande tankar og kjensler. Men ei tru skulle spire fram. Slik var det også blant læresveinane og dei fyrste kristne. To av Jesu læresveinar var på veg til Emmaus, bort frå Jerusalem. Dei samtalte om hendingane i påskehelga, om sorg og uvisse, om voner som brast. Då kjem Jesus og slår følgje med dei. Han grip inn i samtalen. Han opnar skriftene for dei og deler brødet. Då skjer det. Læresveinane kjenner han igjen. Den oppstadne er midt i mellom dei. Han var der i ordet og brødsbrytinga slik han har lova å vere når vi er samla om ord og sakrament.



Kvinnene ved grava måla av Annlaug Åm Risa som hjelpeleiar ved Minikonfirmantleir på Alvøra i 2018.

Tre kvinner på veg til ei grav den fyrste dagen i veka. Den mest kjende av dei er Maria Magdalena. Ho hadde erfart at Jesus greip inn i livet hennar og kom til å bli ein av Jesu næraste etterfylgar. Ein av salmediktarane våre har stansa nettopp ved Maria Magdalena i sin påskesalme. Opphaveleg hadde han overskrifta «Maria Magdalena sin lovsong». Johan Halmrast legg desse jubeltonane i Maria Magdalenas munn:

Å salige stund utan like . Han lever, han lever ennu, han vandrør i seierens rike, min sjel hvorfor sørger da du. Han er ikke lenger i graven hvor bleknet i døden han lå. /: Jeg levende så ham i haven og aldri så skjønn jeg ham så :/

Å, salige stund uten like, han lever han lever ennu! Han vandrør i seierens rike, min sjel hvorfor sørger da du? Du søkte din trøst i den døde og dvelte ved gravnatten kun; /: så fikk du den levende møte, å salige, salige stund :/

«Tid for tru» våren 2019

I vårsemesteret har det vore fem Tid for tru-samlingar på bedehuset. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom soknerådet og bedehuset. Kjetil Netland og Gunn Berit Bøthun har stått for undervisninga, og Kari Kvikne, Anne Buene og Johanna Fagermoen har sytt for god kveldsmat. Frammøtet har vore godt, med meir enn førti på det meste.

Johannesevangeliet har stått i fokus, og både struktur og innhald har vore tema. I denne artikkelen blir nokre hovudpunkt frå undervisninga tekne fram, og framstillinga er tematisk og følgjer dermed ikkje rekkjefølgja i emneoppsettet for samlingane.

Johannesevangeliet

Det er apostelen Johannes som har skriva dette evangeliet. Det gjorde han rundt år 90 som ein eldre mann. Papyrusbiten P52, med tekst frå Johannesevangeliet, er frå ca. år 125, og det gir kort tidsavstand til hendingane som er skildra. Polykarp, biskop i Smyrna, vart undervist av Johannes, og vidare vart Ireneus, biskop i Lyon, undervist av Polykarp. Sidan skrifter av desse er bevart, har ein òg kunnskap om korleis det kristne trusinnhaldet vart forstått i urkyrkja.

Hellenistisk tenking

Karakteristisk for antikken var eit skarpt skilje mellom ånd og lekam, idé og erfaring og sjel og kropp. Denne dualismen førte til at sjela vart rekna som høgverdig, medan det kroppslege på alle måtar kom i andre rekkje. Og med eit slikt utgangspunkt for kristen tru vart Gud som skapar ein umogeleg tanke. Kan ein opphøgd gud skapa noko ein kan ta og kjenna på? Og Jesus som sann Gud og sant menneske blir ein like umogeleg tanke.

Forfattaren

Me kjenner mange karakteristikkar av Johannes: fiskar, ein ein av dei yngste læresveinane, om ikkje den yngste,



Alle bileta til artikkelen er tekne er teke den siste kvelden 6. mars med høgtlesing av heile Johannesevangeliet. Her er Kjetil Netland i aksjon og mange fylgjer med i teksten i sine egne biblar. (Foto: Jostein Risa)

hadde temperament (toreson), omtalar eg sjølv som «den læresveinen Jesus elska», ein periode forvist til øya Patmos i Egearhavet og skreiv Johannesevangeliet på 90-talet.

Inndelinga av Johannesevangeliet

Dette har ei tydeleg tredeling: Prologen (1,1-18), teiknboka (1,19-12,30) og herlegdomsboka (13,1-21,25).

Prologen (1,1-18)

I prologen - kanskje ein salme frå urkyrkja - møter me sentrale omgrep, m.a. Ordet (logos), liv, nåde og sanning. I kyrkjekunsten er gjerne ørna symbolet for Johannes, sidan ho har overblikk og detaljar ikkje får øydeleggja for oversikta. Prologen viser veg inn i evangeliet.

Teiknboka (1,19-12,30)

Johannes har valt ut sju teikn: Jesus gjer vatn til vin (kap. 2), gjer son til den kongelige embetsmannen i Kapernaum frisk (kap. 4), lèt den lamme ved Betesdadammen bli fullt før (kap. 5), settar fem tusen (kap. 6), går på vatnet (også kap. 6), gjer den blindfødde sjåande (kap.9) og vekker opp Lasarus (kap.11). Dette er under som skal føra fram til tru - det er teikn til tru (20, 30-31). Nett dette er eit av poenga i samtalen mellom Marta og Jesus i 11, 25: Då sa Jesus til henne: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så dør. Og kvar den som lever og trur på meg,

skal i all æve ikkje døy. Trur du det?» Og når Lasarus kjem ut av grava, er det eit under som nører opp under trua.

Herlegdomsboka (13,1-21,25)

Jesu liding, død og oppstode er hovudtema i denne delen av evangeliet. Eit spørsmål til ettertanke er følgjande: Kom Jesu død brått på? Ja, for læresveinane og venene til Jesus gjorde den det. Men for Jesus var det annleis. Det er eit underleg samantreff at øvstepresten Kaifas, som ville rydda

Jesus av vegen, tala profetisk utan å vera klar over det: Ein av dei, Kaifas, som var øvesteprest det året, sa då: «De skjønar ingen ting. De tenkjer ikkje på at det er betre for dykk at eitt menneske døyr for folket, enn at heile folket går til grunne.» Det sa han ikkje av seg jølv. Men fordi han var øvsteprest det året, tala han profetisk om at Jesus skulle døy for folket (11, 49-51). Kanskje hadde Kaifas det politiske for auga. Opprør var ei skulding som kunne resultera i alvorlege represalier frå den romerske ordensmakta. Annleis er det med profetien i Jesaja 53,5. Fortattaren er der fullt klar over innhaldet: Men han vart såra for vore brot, knust for våre synder.

Samtalar i Johannesevangeliet

Jesu mange samtalar spelar ei sentral rolle i Johannesevangeliet. Mange av dei er krevjande, og knapt nokon går frå eit slikt møte utan å falla ned på eit eller anna standpunkt: Samtalen med Nikodemus (kap 3), med den samaritanske kvinna (kap. 4), med folket etter brødunderet (kap. 6), med den blindfødde (kap. 9), med Maria Magdalena (kap. 20), med Tomas (også kap. 20), med Peter (kap. 21). Og forhøyret hos Pilatus er grundig dokumentert (kap. 18 og 19). Tomas har i kyrkjehistoria gjerne fått tilnamnet tvilaren, som kanskje ikkje er den mest rettferdige karakteristikken. Rett nok tykte Tomas det var for godt å tru at Jesus hadde stått opp frå dei døde, men då han fekk møta den oppstadne, var reaksjonen fast og ikkje vaklande: «Min Herre og min Gud!». Kan ein heller tala om den truande Tomas?

Nattverden

Som nemnt ovanfor er Johannesevangeliet skrive på



90-talet, dvs. etter at dei tre andre evangelia låg føre. I motsetnad til dei, skriv ikkje Johannes noko direkte om nattverden. Forklaringa på dette kan vera at det som alt er kjent ikkje treng å takast opp att. Men sjølv om nattverden ikkje er nemnt ved namn, finn me att saka. I samtalen etter brødunderet finn me det kjende verset: «Eg er det levande brødet som har kome ned frå himmelen. Den om et av dette brødet, skal leva til evig tid. Og det brødet eg vil gje, er lekamen min som eg gjev til liv for verda.» (6, 51) I kapittel 13-17 har Johannes gitt att viktige delar frå samtalen Jesus hadde med læresveinane under nattverdsmåltidet. Der finn me òg at han seier om seg sjølv at han er vintreet. «Eg er vintreet, de er greiene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingenting gjera.» (15, 5)

Eg er-orda

Når Jesus seier «Eg er», er det ei klar kopling til Det gamle testamentet. Når Moses blir kalla av Gud, presenterer Herren seg slik: «Eg er den eg er» og vidare som «Eg er» (2 Mos 3,14). Når Jesus tek denne formuleringa i sin munn, gjer han seg lik Gud. Dermed blir lyttaren utfordra: Talar Jesus sant? I kapittel 8 er formuleringa svært nær den me finn i andre Mosebok: Jesus svara: «Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Før Abraham var, er eg.» (8, 58) På dette viset får «eg er»-orda stor tyngd. Det er Gud som talar: Eg er livsens brød (6, 35), eg er lyset i verda (8, 12), eg er porten inn til sauene (10, 7), eg er den gode hyrdingen (10, 11), eg er oppstoda og livet (11, 25), eg er vegen, sanninga og livet (14, 6) og eg er det sanne vintreet (15, 1)

Høgtlesing av heile Johannesevangeliet

På siste samling, onsdag 6. mars, var det høgtlesing av heile evangeliet som sto på dagsordenen. Med start halv åtte vart siste vers lese kvart over ti. Då hadde det òg blitt tid til ei matøkt. Når det blir lese på denne måten, opplever ein heilskapen i evangeliet. Sjølv festa eg meg med kommentaren frå kvinna ved brunnen: «Herre, gjev meg det vatnet, så eg ikkje blir tørst meir og ikkje treng koma hit og henta opp vatn.» Og eit par kapittel lenger bak møter me denne utsegna frå folket: «Herre, gjev oss alltid det brødet.» Kvinna tenkte nok at det kunne vera greit å stadig ha friskt vatn heime og kanskje ønskte folket å ha løyst utfordringa med mat ein gong for alle. Men saka er at Jesus kan gi oss så mykje meir enn me har forstand til å be om. Han ønskjer å gi oss evig liv og det kviler ikkje på gjerningar, men på hans soningsverk.

Temaet for Tid for tru denne vinteren har vore til ettertanke og ført oss inn i strukturen i Johannesevangeliet. Då blir kanskje budskapet meir relevant, i alle høve talar han tydelegare til oss. Stor takk til alle som har stått for dette og ein særleg takk til Kjetil Netland og Gunn Berit Bøthun.

Tekst: Helge Eilifsen



Liv Ese var ein av 28 personar som var med og las høgt frå Johannesevangeliet den 6. mars. Heile lesinga tok om lag 2,5 time. (Foto: J. Risa)

Resultat fasteaksjonen 2019

Like før bladet gjekk i trykken fekk vi smetta inn denne notisen om resultatet av årets innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp. Det kom inn 20.557 kr i bøsse og vi slo dermed fjorårets bøsseresultat på 20.485 med 72 kroner! Inkludert gåvene gjeve via Vipps er totalresultatet 23.638, men dette kan auke dei komande dagane! Per i dag er midlane frå Balestrand nok til å gje 118 menneske varig tilgang til reint vatn. God tilgang til reint vatn reddar liv og endrar liv. På slutten av aksjonskvelden hadde det kome inn 2750 via Vipps og 331 via SMS/bank, dvs totalt 23.638. Det er framleis ikkje for seint å støtte aksjonen! Vipps di gåve til 2426 eller sjå fasteaksjonen.no.

VIA LUCIS - PÅSKEVANDRING PÅ TJUGUM

Frå påskedag til pinse vert det hengt opp ei enkel løype med bibeltekstlar om Jesus sin siger over døden rundt kyrkja og på kyrkjegarden på Tjugum. Plansjane har illustrasjonar som Nordfjord-kunstnaren Magne V Kristiansen har teikna.

Dette er ei form for vandring som dei byrja med i Italia i 1988, og som sidan har spreidd seg utover i mange kyrkjesamfunn i verda. I Italia kallar dei vandringa for VIA LUCIS – lysvegen – fordi Jesus lyser opp med håp om evig liv i denne verda kor døden herjar. I Storbritannia kallar dei det for Stations of the Resurrection.

Kjetil Netland



Kyrkjelyden tek turen til Alværastemne 2. juni

Søndag 2. juni vil soknerådet prøve å få med flest mogeleg i kyrkjelyden til Lavik på Alværastemne med gudsteneste, middag, familieaktivitetar og ettermiddagssamling med kaffi.

Etter to år med besøk mellom Balestrand og Hyllestad (frå Balestrand til Hyllestad pinsa 2017 og frå Hyllestad til Balestrand pinsa 2018), kom det framlegg om at ein også kunne møtast «på halvvegen» på Alværa misjons-senter i Lavik. Der vert det kvart år arrangert Alværa-stemne første søndag i juni.

I Balestrand har vi ofte hatt ei familiegudsteneste på denne tida, men i år prøver vi vi noko nytt: Å reise samla små og store på ein dagstur til Alværa. Tidegare sokneprest i Balestrand, Audun Systad vil ta med seg ei gruppe frå kyrkjelyden i Hyllestad der han no er sokneprest.

Det er Det norske misjonsselskap (NMS) som eig Alværa. Ved å reise dit gjer vi staden kjend for fleire og støttar opp om det viktige leirarbeidet som vert drive der. Mange i Balestrand har vore på barne- og ungdomsleiar eller familieleirane på Alværa. Balestrand kyrkjelyd har for tida misjonsavtale med NMS, men har gjennom mange år brukt leirstaden til både konfirmantleir (sist i januar 2019) og minikonfirmantleir (sist i mars 2019).

Program

Programmet er ikkje fastsett, men basert på oppsettet frå 2018, kan dagen kome til å sjå nokonlunde slik ut:

- 09.30 Avreise frå Balestrand
- 11.00 Gudsteneste, truleg ved Audun Systad og Kjetil Netland. Offer til Alværa misjonssenter.
- 12.30 Middag med dessert og kaffi (tinging på førehand)
- 13.30 Uteaktivitetar / utepause. (Høve til ulike aktivitetar som til dømes volleyballturnering, minigolf, konkurransar, tur i fjøra)
- 15.00 Ettermiddagssamling med fokus på misjon
Kaffi og kaker etter samlinga

Bli med!


Det er kjekt å reise på tur og gjere ting i lag! Vi køyrer i privatbilar og etter påmelding til kyrkjekontoret vil vi prøve fordele folk slik at vi fyller opp bilane.

Påmeldingsfrist: fredag 24. mai kl. 16.30
til Balestrand kyrkjekontor ved Jostein Risa
m. 920 60 832 ((jf middag)..



Kyrkjevalet er to val

Hausten 2019 kan du stemme i to kyrkjeval



Kyrkjevalet 2019

Alle medlemer i Den norske kyrkja som fyller 15 år i laupet av 2019, har røysterett.

Førehandsrøysting:

Det vert førehandsrøysting i perioden 10. august til 6. september. Det vert høve til å førehandsrøyste på kyrkje-kontoret, etter gudstenester, på Balestrand helsetun, på Sygna vgs osb. Datoar og opningstider vert kunngjort i neste kyrkjelydsblad. Dersom ein skal førehandsrøyste i eit anna sokn enn Balestrand, må dette skje seinast fredag 30. august.

Røysting (8. og) 9. september

Røysting på valdagen skjer i dei same bygningane og med same opningstider som kommune- og fylkestingsvalet.

Kyrkjevalet 2019

Måndag 9. september 2019 er det kyrkjeval med to ulike val: Soknerådsvalet og bispedømerådsvalet, sjå illustrasjonen på førre side. Her kjem litt oppdatert informasjon.

Nominasjonskomiteen som er valt av **soknerådet** er i arbeid og leverer kandidatliste innan 30. april 2019 med minst 13 kandidatar til nye Balestrand sokneråd i prioritert rekkefylgje. Det skal veljast åtte medlemmer og fem varamedlemmer. Soknerådet konstituerer seg sjølv. Tal medlemmer i soknerådet ved dette valet vert det same som tidlegare etter at soknemøtet i Balestrand 24. mars gjorde vedtak om å halde fram med åtte folkevalde medlemmer i Balestrand sokneråd i perioden 2019-2024.

Nominasjonskomiteane for **bispedømerådsvalet** i Bjørgvin bispedøme er også i gang. I komiteen for val av leke medlemmer er det vår eigen soknerådsleiar Helge Ulvestad som representerer Sogn prosti. Ved bispedømerådsvalet vert det truleg meir enn ei liste: Nominasjonskomiteen si liste, Åpen folkekirke si liste og Bønelista.

Endring i soknegrenser og røystekrinsar

Valet i 2019 skal gjennomførast som om kommunegrensene alt er endra. Regjeringa har bestemt at Nesse grunnkrins går til Høyanger kommune frå 2020 og soknegrensene vert endra tilsvarende slik at Balestrand sokn også vil slutte ved Tusviktunellen. Dei nye røystekrinsane (stemmekretsane) til kommunen skal fylgjast slik at det i Balestrand vert to krinsar der ein kan røyste: Fjordtun krins og Sagatun krins. Innbyggjarane i Nesse grunnkrins som endrar kommune til Høyanger frå 2020 har ved valet i 2019 røysterett ved soknerådsvalet i Høyanger. Dei som bur på Sæle og Lindane og før hørde til Nesse røystekrins, får denne gongen røysterett i Sagatun krins.

Neste kyrkjelydsblad nr 2/2019 vil kome ut i god tid før valet og vil då gje informasjon om kandidatlistar, førehandsrøysting, opningstider osv.



Vårdugnader på gravplassane med sal av blommar

Også i år inviterer Balestrand sokneråd til vårdugnader på hovudkyrkjegardane. Vi prøver å få dette til før konfirmasjonen 12. mai og 17. mai og set pris på om du vil vere med. (Det er ikkje konfirmasjon i Sæle kyrkje i år). Ta gjerne med deg naboen og noko utstyr som t.d. rive, greinsaks, trillebår osv.

For andre år på rad er det gjort avtale om at Silvija's blomster / Joker stiller med plantejord og blommar for sal for dei som ynskjer å rydde og plante på graver i samband med dugnaden.



- **Tjugum kyrkjegard torsdag 25. april frå kl.16.00**

Stikkord: Skjering av rhododendronbusker, skjering av tre, raking av greiner og lauv, kosting av trapper og parkeringsplass. Dugnaden er lagt like etter ein konfirmanntime, og konfirmentar og konfirmantforeldre er spesielt inviterte.

NB! Servering av betasuppe sponsa av Kviknes Hotel. Soknerådet syter for kaffi og saft.

- **Sæle kyrkjegard onsdag 8. mai frå kl.16.00 og utover**

Stikkord: Raking av lauv og grusgangar, skjering av busker. NB! Nesse grendalag stiller med kaker til kaffien.

Minikonfirmasjon 2019

Det har vore eit flott og innhaldsrikt minikonfirmantår, med to gudstenester, fire ettermiddagssamlingar og leir på Alværa. Tilsaman har vi vore innom tema som dåp, Bibelen, nattverd, bøn, påske og misjon.

Tretten livlege 5.klassingar frå Sagatun har delteke på samlingane i lag med presten og kyrkjelydspedagogen. Vi starta 24. januar med dramatisering av dåp der alle fekk roller i dåpsfølget. Søndag 27. januar deltok dei med song i kyrkja og fekk utdelt kvar sin bibel. Den fekk dei brukt torsdagen etter då vi øvde oss på å slå opp sentrale bibelvers. Torsdag 7. februar innleia vi samlinga om nattverd med å ete bollar i kyrkjemidtgangen, delvis liggande på bibelsk vis. Den siste torsdagen skreiv dei ned eigne bønner som dei las ved utdeling av av diplom i kyrkja 7. april. I tillegg til samlingane i kyrkja og kyrkjestova vart 9 av borna med på leir på Alværa (Lavik) i lag med 15 andre minikonfirmantar frå Ytre Sogn. Her fekk dei blant anna vere med på påskevandring, to leirkveldar og misjonstivoli. Dei måla også flotte bilete med motiv frå påska og laga påskedekorasjon (sjå framsida).

Takk for ei flott minikonfirmanttid! Ein ekstra takk til Gunvor Høydal og ungdomsmedarbeidarane, Annlaug og Melissa, som har hjelpt til på samlingane og mødrene, Andrea og Birute, som vart med oss på leir! Helsing Magni (kyrkjelydspedagog).

Foto: Magni Åm Risa, Kjetil Netland og Jostein Risa





Ein lokal bibel-ekseget

Ein viktig del av misjonsarbeidet i Mali er å omsetja Bibelen til fulani, men for tida er det pause i omsetjingsarbeidet medan ein viktig ressursperson tek vidare utdanning.

Dei første misjonærane som kom på midten av 80-talet hadde berre delar av Markus-evangeliet tilgjengeleg. Om lag 20 år seinare var heile Det Nye Testamentet ferdig omsett. Sidan den gang har nye arbeidarar komen til, og dei har jobba med Det Gamle Testamentet. No er ein del bøker frå GT omset til fulani, men det er framleis mykje att å gjera. Anne Lise Matre frå NMS var med og omsette NT. Etter ein pause på nokre år, er ho igjen med i omsetjarteamet, denne gangen for å omsetja GT. Akkurat no er det ein pause i omsetjingsarbeidet. Årsaka til det er at MELM ønskjer å utdanna den lokale medarbeideren, Moussa Sankare, for å styrka arbeidet på sikt. Moussa Sankare er Anne Lise Matre sin næraste medarbeidar. Han studerer i år hebraisk og gammaltestamentleg eksegeese på FATMES, eit teologisk fakultet i Bamako som NMS er med og støttar. (Eksegese er vitskapeleg fortolking av ein tekst, og ordet vert særleg brukt i tilknytning til bibeltekstar). tillegg studerer han engelsk, samt at han skal prøve å ta gymnaseksamen i laupet av to år.

Moussa Sankare gjekk aldri på skule som barn, men lærte å lesa av nokre misjonærer i heimlandsbyen Konza. Som ung gut hadde han ofte ei bok med seg medan han var ute og gjette. Medan dyra beita, lærte Moussa seg å lesa. Han les heilt flytande, betre enn mange som har

Biletet er frå lokal leseopplæring i ein fulanilandsby. (Foto: NMS)



gått på skule heile sitt liv. Etter kvart fekk Moussa også kristen opplæring, og har gått to år på bibelskule. No har Moussa vore tilsett i 3 år som medarbeidar i bibelomsetjingsarbeidet, og erfaringane med arbeidet hans er udelte gode. Moussa er både intelligent og kunnskapstørst, i tillegg til at han er flink i fulani og ønskjer at omsetjinga skal vera vakker språkleg sett.

Me trur difor at me har funne den rette personen til å vera med å gjera ferdig omsetjinga av Det Gamle Testamentet til fulani, og ønskjer difor å utdanna han til å kunna gjera ein best mogeleg jobb i framtida. Takk for at de er med å be for Moussa Sankare og familien, og for studiane hans!

Frode Brügger Sætre, misjonær i Mali

Fakta om Mali



- 17,5 mill. innbyggjarar totalt.
- Fulaniane utgjer ca.3 millionar
- Økonomien er i stor grad basert på jordbruk og fiske
- 50 prosent av befolkninga lever under fattigdomsgrensa
- Landet opplever stor ustabilitet og usikkerheit grunna turbulente politiske tilhøve.

Gjennom misjonsavtalen kan vi bidra til

- å gje fulaniane høve til å lese Bibelen på sitt eige språk
- å gje utdanningsstipend og leksehjelp til born som tilhøyrrer fulanitalande kyrkjelydar
- den viktige kampen mot kjønnslemlesting av unge jenter. Fleire landsbyar har no avskaffa tradisjonen med kvinneleg omskjering, men arbeidet held fram.


Finn fem feil!

Jesus venta på dei på stranda med nysteikt brød og fisk. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Fargelegg!


Jesus viste seg for læresveinane etter at han hadde stått opp frå dei døde. Peter vart så glad at han hoppa ut av båten!



Teikningar: Kari Sortland

Hjelp ekornet å finne nøttene!

Ekorn er veldig flinke til å gøyme nøtter, men dei er ikkje like flinke til å finne igjen gøymestadane sine. Kan du hjelpe ekornet å finne nøttelageret sitt?




Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på sundagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



Kannibalen var på flytur.

- Har du lyst til å sjå menyen?
spurde flyvertinna.
- Nei takk, men eg vil gjerne
sjå passasjerlista.

Vitsar

- Tre menn snakka saman om merkelege samantreff:
- Kona mi las ei bok om tvillingar, og så fekk ho det, sa den eine.
 - Kona mi las ei bok om trillingar og så fekk ho det, sa den andre.
 - Hjelp! ropa den tredje. Kona mi sit heime og les Ali Baba og dei 40 røvarane!



Baluba - Guds vener

Barnekoret Baluba hadde søndag 31. mars ansvar for søndagssamlinga på bedehuset og det vart ein ettermiddag med mykje flott song og musikk.

Dei unge songarane i alderen 6 til 11 år delte på å vere solistar – flinke songarar som er trygge med mikrofonane. Innimellom fekk dei frammøtte vere med og synge – då var det over 80 røyster som lydde. Det er Aud Laila Rødstøl Heier som leier koret med god hjelp av Marit Almelid Grøneng og Gunn Berit Bøthun (piano). Til dette høvet hadde dei utvida bandet med Rut Solveig Nydal Netland på gitar og Liv Rigmor Netland på perkusjon, noko som gav ekstra trykk og rytme. Det var lett å fylgje med på tekstane som var sungne – alle kom opp på skjerm framme og der fekk vi også sjå nokre videosnuttar. Rut Solveig og Marit delte sine vitnemål om Gud som sin ven. Til slutt fekk både små og store kose seg med bollar, saft og kaker.

Tekst og foto: Jostein Risa

Sokneprest i Balestrand

Kjetil Netland sluttar som prost i laupet av våren 2019. Han held fram som sokneprest i Balestrand. Etter sjukefråvære arbeidar han for tida i 50 % stilling. Prostestillinga er no lyst ut, og vi vonar ny prost i Sogn prosti er på plass frå hausten 2019.

Gudstenesteplanen

På gudstenesteplanen på baksida av bladet står det om gudstenestene til over sommaren. På heimesida **balestrand.kyrkja.no**, vil du alltid finne oppdatert gudstenesteplan. Frå hausten vil vi halde fram med gudsteneste i Tjugum fast kvar 14. dag. Nokre av gudstenestene utanom det vanlege vert nemnde her.

2. juni prøver vi å få flest mogeleg frå kyrkjelyden med på dagstur til Alværa for gudsteneste, middag, leik/aktivitetar og ettermiddagssamling. Sjå eigen artikkel på side 7 og set av dagen til ein kjekk søndagstur!

Første pinsedag 9. juni feirar vi i økumenisk høgtidsgudsteneste i engelskkyrkja kl.10.00. Gudstenesta vert leia av Alastair Davies frå den anglikanske kyrkja i samarbeid med Kjetil Netland. Gudstenesta er open for besøkande av alle tungemål, men vil hovudsakleg vere på norsk og engelsk.



Andre pinsedag 10. juni inviterer vi alle kyrkjelydane langs Sognefjorden til «Fjordgudsteneste» i Kvamsøy kyrkje kl.12.00. Ideen starta i samtale mellom kyrkjelydane i Sogndal og Leikanger om høve til å bli kjende på tvers av noverande kommunegrenser. Med berre to gudstenester i året er dette eit sjeldsynt høve til å oppleve ei gudsteneste i den særprega mellomalderkyrkja på Kvamsøy. Vi får også flotte songinnslag i gudstenesta frå konsertserien «Fem i stein», sjå eige avsnitt annan stad på sida. Båtskyss frå kaien og over til øya startar frå kl.11.00 og vi tek 50 kr t/r over 16 år. Kjetil Netland vil leie gudstenesta og som vanleg oppmodar vi folk om å ta med seg mat og drikke til felles kyrkjekaffi på kyrkjebakken etter gudstenesta.

Laurdag 22. juni vert det ei friluftsgudsteneste på Stølsberg på kveldstid kl.17.00. Denne vert i forkant av 25-årsmarkering for Fjordane grendalag (frå ca 18.00) og det vert høve til grilling, leik, bading og bål utover kvelden. Ta gjerne turen og bli med!

I år vert utdeling av **6-årsboka** forskyvd frå juni til starten av september, 8. september i Tjugum kyrkje. Det vert ei eiga samling for 6-åringane ein av dagane før gudstenesta. Dei det gjeld vil få invitasjon i posten.

Ny kyrkjelydstur til Lyngmo 4.- 6. september 2020

Vi presiserer at dette altså ikkje er i år, men til neste år! Ved førre helgetur i 2018 var det over 70 personar som deltok og det var mange som syntest Lyngmo fungerte så bra for både små og store at dei gjerne ville reise dit igjen. Det vert no jobba med å finne talar og gode rammer for turen slik at endå fleire kan få gleden av å vere med. Hald gjerne av helga alt no ☺.

Gåve til Balestrand sokn ved avslutning av tidlegare søndagsskule

Onsdagsklubben på Nessane (tilknytta Søndagsskolen) har vore i drift i fleire periodar, men har no ikkje vore i drift sidan 2010. Det har ved fleire høve vore undersøkt om det er grunnlag for å starte opp att utan å lukkast. Etter krav frå banken/ styresmaktene om avslutning av konto til lag som ikkje var registrert i einingsregisteret, vart Onsdagsklubben 3.1.2019 vedteke avvikla og attståande midlar vart delt mellom Søndagsskolen Bergen krins og Balestrand sokn (øyremerka lokalt barnearbeid / trusopplæring). Soknet er takksame for gåva på kr 8.900.

Seminar med Hans Johan Sagrusten frå Bibelselskapet i september

Det vert minst ei samling onsdag 4. september med tema knytt til Bibelen, og Sagrusten vil også ha nokre timar på Sygna vgs på dagtid. Hans Johan Sagrusten er utdanna teolog og prest. Han er ein av omsetjarane bak Bibel 2011 og er no tilsett i Bibelselskapet som bibelbruks-konsulent. Han har skriva fleire bøker om den tidlegaste historia til Bibelen, dokumentert gjennom manuskriptfunn (Det store puslespillet). Den siste boka hans, RIK bibelbruk handlar om korleis vi kan lesa Bibelen – Bibelen som fellesskapets bok. Meir info om tema og rammer i neste nummer av bladet.

«Fem i stein» deltek på Kvamsøy 10. juni

Kyrkjekunstserien «Fem i stein» lagar musikalske framsyningar som hentar inspirasjon frå – og vert framført i - dei fem gamle steinkyrkjene i Sogn. Det er mezzosopran Mari Askvik og regissør Ingrid Askvik (døtre til tidlegare sokneprest på Leikanger, Egon Askvik) som står bak prosjektet, og deltakarar og tema varierer frå år til år.

I 2018 var dei med oss på olsokgudstenesta, der muskarane også var organistvikarar. Deltakarar i 2019 er Kjersti Morland (forteljar og songar), Mari Askvik (song), Åsbjörg Ryeng (bandoneon - eit argentinsk trekkspel). Endå ein grunn til å ta turen til Kvamsøy andre pinsedag!



Mari Askvik Foto: Ingvild Festervoll Melien.

Konfirmant 2019

Konfirmantåret nærmar seg høgdepunktet med konfirmasjon 12. mai 2019 kl.11.00 i Tjugum kyrkje. Namna på alle konfirmantane finn du på side 19. Her kjem nokre glimt frå konfirmanttida.

Synd og tilgjeving i Belehalli

Medan alle samlingane før jul var utandørs, ved Ja-steinen, har samlingane etter jul stort sett vore i kyrkjestova og i kyrkja på Tjugum. Det er sokneprest Kjetil Netland som driv samlingane. 17. januar tok han med seg konfirmantane ned i kjellaren på Belehalli for ei samling litt utanom det vanlege: Her fekk konfirmantane lære om boda, om synd-omgrepet og om tilgjevinga. Han hadde med seg gode hjelparar frå Balestrand skyttarlag, slik at alle konfirmantane fekk prøve å skyte på dei nye elektroniske blinkane.

I konfirmantheftet «Følg meg» er dei ti boda samanlikna med ei skyteskive, målet for det gode livet: Når vi bommar på dei ti boda, syndar vi. Å bryte boda kallar Bibelen å synde. Synd er ei omsetjing av det hebraiske ordet avon som tyder å bomme på målet og kjem frå tida då dei skaut med pil og boge. Her ser vi ein serie frå nokon som heldt seg innanfor rammene for det gode livet Gud har tenkt for oss. Når vi

bommar på målet, vil Jesus gje oss tilgjeving og ny start. Slik som vi får ei ny rein skive etter ein dårleg serie på skytebana.



Konfirmanthelg

18-20. januar var det konfirmanthelg på Alværa i lag med konfirmantar frå Hyllestad, Lavik og Bjordal. Audun Systad var der med konfirmantane sine, men synest det var kjekt treffe att dei unge balestrendingane han kjenner frå trusopplæringa, mange av dei heilt frå dåp til minikonfirmasjon.

Takk til Gunn Berit Bøthun og Rut Solveig Nydal Netland som vart med som leiarar (og musikarar) denne helga.

På bileta ser vi også frå timen der konfirmantane lærte om (u)rettferdig fordeling.



Foto: Kjetil Netland og Gunn Berit Bøthun (leir).



Årsrekneskapen for 2018

Balestrand sokn sin årsrekneskap for 2018 viser eit mindreforbruk på 135.000 kr. Ein stor del av årsresultatet kan forklarast ut frå vesentleg færre gravleggingar enn gjennomsnittleg (49.000 kr), vakant diakonstilling siste halvår (34.000 kr) og lågare pensjonskostnader enn budsjettert (19.000). Soknet har etterslep på vedlikehald på kyrkjene og gravplassane og heile mindreforbruket på kr 134.965,93 vart sett av til ubunde driftsfond 25600003 Balestrand sokn disposisjonsfond. Ein trykt versjon av årsrekneskapen er lagt ut same stader som årsrapporten, sjå under.



Aktuelt vedlikehald i 2019 vil vere utskifting av rote treverk i tårnet på Tjugum kyrkje og reparasjonar av den eldste delen av taket på Kvamsøy kyrkje.

Årsrapport 2018

Balestrand sokn sin årsrapport finn du i kyrkjene, på rådhuset, på Fjordtun, Balestrand folkebibliotek og på heimesida www.balestrand.kyrkja.no. Her finn du til dømes forklaring av rekneskapsresultatet, statistikk over gudstenester, frammøte, utvikling i offerinntekter og andre gåver, inn- og utmelding osv og info om alt det flotte arbeidet som går føre seg i kyrkjelyden. Spesielt for 2018 var at det aldri har vore færre gravferder i kyrkjene (5 i heile 2018) eller gravleggingar på gravplassane (4 kister/urner sett ned på ein av gravplassane i Balestrand). Gjennomsnittet over mange år er 15 gravleggingar og både i 2016 og 2017 var det 20 gravleggingar.

Annonser



57 69 42 40

www.midtnes.no



Yter all hjelp ved dødsfall og gravferd.

Døgnvakt telefon: 57 69 57 55

Balestrand Taxi

Tlf. 959 56 113

TAXI Frankén

mob. 959 86 000

Turbussar

Vi tilbyr også 10- og 17-setars bussar med plass til rullestol samt store turbussar med 49 seter.

Ytre Sogn graverdsbyrå A/S



Hjelp til alle tenester ved dødsfall

GRAVMONUMENT - SKRIFTHOGGING

Døgnvakt telefon:

577 14 700 / 959 86 000

VIK ELEKTRO

Rune Målsnes
6893 VIK I SOGN

TV - Kvitevarer
Solskjerming - Glasservice

Mobil: 906 16 260

E-post: rune@vik-elektro.no
www.vik-elektro.no



Balholm Auto AS

Holmamyrane

6899 BALESTRAND

Godkjend bilverkstad

Tlf. 57 69 11 13

Sogn
gravferdshjelp

Telefon heile døgnet: 57 68 14 77

Kjell Grønli, Ingar Husum, Hege Urnes, Hans Magne Kvåle.



Tlf. 57 69 15 22

Det er vi som køyrer ut kyrkjelydsbladet. Ta kontakt om du treng distribusjon.



www.sognekraft.no - P.b. 3, 6891 Vik i Sogn - post@sognekraft.no

Melbys skrifthugging as

Inskripsjon, oppussing og sikring av gravminne

Knut Melby
Steinhoggerveien 5
6490 EIDE
Mob. 482 40 612

Kontaktperson
i Balestrand:
Steinar Grøneng
Mob. 482 62 878



Velkommen til dåp!

I mange år har kyrkja fått fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i Den norske kyrkja har fått born. På den måten har vi enkelt kunna kontakte dei nybakte foreldra og invitere til dåp og informere om kyrkja sitt tilbod til baby og småbarnsforeldre. Etter 1. oktober 2018 har vi på grunn av nye reglar ikkje lenger fått slike meldingar. Sjølv om de som foreldre ikkje får direkte invitasjon i posten, er de sjølvsagt like velkomne til dåp, men då treng vi at de tek kontakt med oss. Vi vil framover jobbe meir med å invitere til dåp gjennom andre kanalar og dele informasjon om dåpen. På heimesida, i kyrkjelydsbladet, på babysong, ved oppslag og brosjyrar. Førebels kan du lese meir om dåpen på kyrkja.no/dap. Det er ikkje alle som er døypte som spedborn og både eldre born, ungdom og vaksne kan verte døypte. No er det ei stund sidan vi har hatt dåp i Balestrand, men i vår er det førebels meldt tre dåpar fordelt på to gudstenester: Påskedag 21. april og samtalegudstenesta 28. april.

Dåpskjole til utlån

Vi vil i samband med dette minne om at Balestrand sokneråd har ein dåpskjole til utlån frå kyrkjekontoret til alle som ynskjer det. Kjolen var opphavsleg gjeve til Balestrand Husmorlag i 1988 frå eit tidlegare medlem. Frå 2006 har soknerådet hatt ansvaret og dåpskjolen har vore brukt både i og utanfor soknet. Det fylgjer både rosa og lyseblå silkeband med. Ved ynskje om å låne ein dåpskjole kan de kontakte kyrkjekontoret.

Konfirmantar i Balestrand

Tjugum kyrkje
12. mai 2019
kl. 11.00

- Jenny Bøthun
- Miriam Johanne
Castrillon Bjørnevoll
- Daniel Flatland Ese
- Odd-Kristian Feten
- Asgeir Hjønnvåg Feten
- Kristoffer Grinde
- Emma Kristine Harkjerr
- Emilie Meel Lunde
- Jan Egil Lunde
- Grethe Løtveit
- Marius Myklebust
- Lars Petzsche
- Ole Thue



Konfirmant 2020

Dei som er fødte i 2005 har veka før påske fått ein brosjyre i posten med informasjon om konfirmasjon i Den norske kyrkja (sendt ut av kyrkja sentralt). Dei har også fått eit brev frå presten og soknerådet her med informasjon om konfirmasjonsundervisninga som startar hausten 2019 og det er invitert til informasjonsmøte i Tjugum kyrkje torsdag 23. mai kl. 17.00. Kjetil Netland trivst godt i lag med konfirman-tane og gler seg til å bli kjende med eit nytt kull i eit nytt konfirmantår!

I GLEDE OG SORG

Døde

13.12.2018 Torvald Nokken f. 21.04.1940.
 Bisetjing frå Sæle kyrkje 21.12.2018.
 Urna er sett ned på Sæle kyrkjegard.

08.01.2019 Gerd Thorsnes Mæland f. 03.12.1957.
 Gravferd frå Tjugum kyrkje 18.01.2019.

27.01.2019 Klara Menes f. 11.02.1927.
 Gravferd frå Tjugum kyrkje 01.02.2019.

01.02.2019 Margit Gjeraker f. 23.04.1925.
 Gravferd frå Tjugum kyrkje 12.02.2019.

20.02.2019 Ove Lidal (Bergen) f. 09.02.1946
 Bisetjing frå Loddefjord kirke 01.03.2019.
 Urna vert sett ned på Tjugum kyrkjegard.

Utgjevar/Avsendar:
Balestrand sokneråd
Sjøtunsvegen 6
6899 BALESTRAND

Velkommen til gudsteneste

14. apr, Palmesøndag	FJORDTUN OPPVEKSTSENTER kl.11.00 Gudsteneste ved Netland. Kvardagsskulen deltek. Barnesamling under preika. Takkoffer til Søndagsskolen. Kyrkjekaffi.
18. apr, Skjærtorsdag	BEDEHUSET kl.19.30 Nattverdsamling i samarbeid med bedehusstyret. Ved Kjetil Netland. Kollekt til bedehuset. Enkel kveldsmat.
19. apr, Langfredag	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Pasjonggudsteneste ved Kjetil Netland. Lesing av lidings saga. Nattverd.
21. apr, Påskedag	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Høgtidsgudsteneste ved Kjetil Netland. Dåp. Nattverd. Balestrand songlag syng. Takkoffer til Wycliffe Norge (bibelomsetjing). Barnesamling.
28. apr, 2. s i påsketida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Samtalegudsteneste ved Kjetil Netland og konfirmantane. Dåp. Takkoffer til Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag («Laget»).
12. mai, 4. s i påsketida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til det lokale kyrkjelydsarbeidet.
17. mai, Grunnlovsdagen	TJUGUM KYRKJE kl.10.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Det lokale kyrkjelydsarbeidet. (Vi går i tog frå rundkøyninga på Dragsvik kl.09.30)
26. mai, 6. s i påsketida	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Runar Matsui-Li. Nattverd. Takkoffer til Det lokale kyrkjelydsarbeidet. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
2. jun, Søndag før pinse	ALVÆRA MISJONSSENTER, LAVIK kl.11.00 Gudsteneste ved Audun Systad og Kjetil Netland (preike). Takkoffer til Alværa misjonssenter. Vi reiser i lag til Alværastemne med middag, aktivitetar og misjonssamling på ettermiddagen. Sjå info i bladet.
9.juni, Pinsedag	ST. OLAFS KYRKJE kl.10.00 Økumenisk høgtidsgudsteneste på engelsk og norsk ved Alastair Davies og Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til Vener av St. Olavs kyrkje.
10.juni, 2. pinsedag (mandag)	KVAMSØY KYRKJE kl.12.00 Fjordgudsteneste ved Kjetil Netland. Alle kyrkjelydane langs Sognefjorden er inviterte. Takkoffer til Det norske misjonsselskap. Songinnslag frå konsertserien «Fem i stein». Barnesamling ute under preika. «Medbrakt» kyrkjekaffi.
22. juni, Laurdag NB!	STØLSBERG (FRILUFT) kl.17.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland i forkant av 25-års markering for Fjordane grendalag. Høve til å grille utover kvelden – ta med grillmat.
30.jun, 3. s i treiiningstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til Åpne dører. Kyrkjekaffi.
14.jul, 5. s i treiiningstida	TJUGUM KYRKJE kl.17.00 Gudsteneste ved vikarprest Gunnar Eldevik. Nattverd. Takkoffer. Kyrkjekaffi.
29.jul, Olsok	KVAMSØY KYRKJE kl.17.00 Olsokgudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer. Musikkinnslag. Medbrakt kyrkjekaffi. Båtskyss frå kl.16.00 kr 50 t/r. Pilegrimsvandring frå Kallestad til Kvamsøy i forkant av gudstenesta, kontakt Bjørg Bjøberg.
11.aug, 9. s i treiiningstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer. Barnesamling. Kyrkjekaffi. Førehandsrøysting ved kyrkjevalet etter gudstenesta.
25.aug, 11. s i treiiningstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane ved Kjetil Netland. Takkoffer. Barnesamling. Kyrkjekaffi. Førehandsrøysting ved kyrkjevalet etter gudstenesta.
1.sep, 12. s i treiiningstida	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer. Utdeling av 6-årsbok. Barnesamling. Kyrkjekaffi. Førehandsrøysting etter gudstenesta.
8.sep, 13. s i treiiningstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Utdeling av 6-årsbok. Barnesamling under preika. Takkoffer. Kyrkjekaffi. Kyrkjeval etter gudstenesta.

Atterhald om endringar. Oppdatert gudstenesteplan finn du alltid på nettsida balestrand.kyrkja.no